

# Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **18.11.2016, kl. 09:00 –12:30**  
Møtestad: Scandic Sunnfjord Hotel, Førde

**Styremøtet var ope for publikum og presse**

## **Deltakarar frå styret**

Agnes Landstad	Fung. styreleiar
Helge E. Bryne	Medlem
Harry Mowatt	Medlem
Liv Stave	Medlem
Atle Hamar	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Geir Berge Øverland	Medlem
Berit Hornnes	Medlem

## **Forfall frå styret**

Jorunn Ringstad	Styreleiar
-----------------	------------

## **Deltakarar frå administrasjonen**

Jon Bolstad, administrerende direktør  
Helge Robert Midtbø, direktør Kirurgisk klinikk  
Hans Johan Breidablik, fagdirektør  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør  
Berit Irene Haarklau, referent

## **Andre deltakarar**

Christian Moltu, psykologspesialist  
Ibtisam Rawdhan, miljørådgjevar  
Robert Brennersted, avdelingssjef  
Pål Kristiansen, rådgjevar KLP

## Sakliste

---

061/2016	Godkjenning av innkalling og dagsorden
062/2016	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 28.10.2016
063/2016	Administrerande direktør si orientering
064/2016	Rapportering frå verksemda per oktober 2016
065/2016	Modell for bil- og båtambulansetilbodet i område sør

Saker til orientering:

066/2016	Etiske retningslinjer – implementering i Helse Førde
067/2016	Rapportering om prosjekt i Helse Førde
068/2016	Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde
069/2016	Eventuelt Skriv og meldingar

LUKKA DEL:

070/2016	Arbeidsgjevartilhøve
----------	----------------------

Uoff.  
Helseføretaks-  
lova §26a, 2.  
ledd, nr. 2

Fung. styreleiar Agnes Landstad ønska styret, publikum og presse velkommen til dagens styremøte ved Scandic Sunnfjord Hotel.

## MØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Psykologspesialist Christian Moltu orienterte om: NORSE  
Norwegian Outcome Response System for Evaluation

NORSE er eit klinisk tilbakemeldingssystem som integrerer kvalitetsutvikling og forskning.  
NORSE- ere it IKT verktøy utvikla i Helse Førde.

Status NORSE-prosjektet:

- Implementert ved institusjonane i psykisk helsevern
- Søknad om midlar på (NFR) 25 millionar kroner til prosjekt for både somatikk og psykiatri
- Samarbeid regionalt, nasjonalt og internasjonalt etablert

*Styret takka for eit interessant foredrag. Styret stilte spørsmål. Moltu svara på spørsmål om dette kan bidra i meir standardisert behandling nasjonalt og korleis dette systemet evt kunne hjelpe den enkelte kliniker.*

## 061/2016 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Fung. styreleiar Landstad leiar møtet og orienterte om dagsorden:

- Møte hadde først ein open og ein lukka del til slutt
- Etter avslutta styremøte vert det dialogmøte mellom styret og KS/kommunane i Sogn og Fjordane.

Fire nye dokument/innspeil til styresak 065/2016 vart utdelt i starten av møte.

### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## 062/2016 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 28.10.2016

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 28.10.2016.

## 063/2016 Administrerande direktør si orientering

### **1. Kommunal Landspensjonskasse (KLP)**

*Representant frå KLP, Pål Kristiansen orienterte.*

Eigardel:

KLP har ei god avkastning på 4,4%. Det er også god vekst og lønnsomheit i dotterselskapa.

Nøkkeltall for Helse Førde:

Uføreandel per årsverk i 2011 viser 10%, og talla i 2015 viser 9%. Legeordninga og sjukepleieordninga viser også lågt og stabilt tall. Oversikten viser at det blir færre uføre i ordninga i føretaket, regionalt og i KLP.

Demografi for Helse Førde HF viser betydeleg høgare del i aldersgruppa 55-59.

*Styret kommenterte at oversikt for demografi og arbeid med IA og seniorpolitikk blir viktig også framover.*

### **2. Portørutdanninga**

Adm. direktør Bolstad orienterte om portørutdanninga ved FSS.

### **3. Sysselsettingsmidlar i Helse Førde**

Adm. direktør Bolstad orienterte om ekstraordinære sysselsettingsmidlar med vekt på statsbudsjett 2017.

#### **4. Budsjettarbeid 2017**

Styret vart orientert i førre styremøte 28.10.2016 om budsjettarbeidet og utfordringane for føretaket. Notat no omhandlar status pr no der det framleis er uløyste utfordringar.

#### **5. Praktisk gevinstrealisering**

Helse Førde gjennomfører og har gjennomført mange prosjekt. Det er sett i gang arbeid med å lage eit regionalt rammeverk for gevinstrealisering.

Det regionale «Kurve- og legemiddellogistikkprosjektet» (KULE) har i arbeidet med gevinstrealisering desse måla:

- redusere tal unngåelege, uheldige legemiddelhendingar
- betre pasienttryggleik og kvalitet
- understøtte heilskapleg pasientforløp
- effektivisere arbeidsprosessar i klinikken
- støtte målet om «Ein vestlending – ein sjukehusjournal»

*(notat var utsendt)*

#### **6. Kvalitetsprisen 2016**

Kommunikasjonssjef Ulvedal orienterte om kvalitetsprisen 2016 som vart utdelt til to vinnarar: Avdeling for matforsyning og Barneavdelinga. Kvalitetsprisen var kunstbilde, blomster og gåvesjekk på kr 30.000,- til begge avdelingane.

#### **7. Grønt sjukehus og miljøprisen 2016**

Miljørådgjevar Rawdhan orienterte om Grønt sjukehus:

- Første hovudrevisjon 2013
- Helse Førde vart miljøsertifisert som Grønt sjukehus i 2014
- Periodisk revisjon 2014 og 2015
- Resertifiseringsrevisjon var gjennomført i veke 40 i 2016 av Teknologisk institutt.

Miljøsertifikat for Helse Førde vart utdelt til adm. direktør Bolstad.

Miljørådgjevar Rawdhan orienterte kort om miljøprisen 2016.

Styreleiar Landstad overrekte miljøprisen 2016, med blomster og økologiske matvarer, til tilsett Marius Langballe Dalin.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek meldingane til orientering

## 064/2016 Rapportering frå verksemda per oktober 2016

### Oppsummering:

#### Kvalitet:

Ventetid ventande viser 43 dagar i oktober. Ventetid for starta behandling viser 52 dagar. Samla er det registrert 25 fristbrot i oktober.

Korridorpatientar i oktober viser 3, som er svært lågt. Utskrivingsklare pasientar viser 14 i oktober (frå 4 ulike kommunar).

#### *Styret kommenterte:*

- *Beleggsprosenten, bra med betre oversikt. Positivt at sengetall er tatt ned iht beleggsprosenten. Vi må også ha oversikt over reduserte personalinnsats og personalkostnader, både på kort og lang sikt*

*Adm. direktør bekrefta at dette er ein del av Døgn-prosjektet, og ein arbeidar med både kortsiktige og meir langsiktige tiltak.*

*Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om aktivitet, økonomi og medarbeidarar*

Helse Førde har eit budsjettavvik per oktober på minus 18,935 millionar kroner, med klinikkvis fordeling:

Kirurgisk klinikk	-26,947 mill
Medisinsk klinikk	-23,141 mill
Psykisk helsevern	+2,809 mill
Stab og støtte	+7,653 mill

Aktivitetsbaserte inntekter har så langt i år vore lågare enn venta. Områda som særskilt har lågare inntekter, er medisin, nevrologi, ortopedi og øyre-nase-hals (ØNH). Brutto månadsverk i september var 2257. Netto månadsverk i september var 2073. Desse tallar viser positiv utvikling.

### Vedtak (samrøystes):

Rapportering frå verksemda per oktober 2016 vert teken til vitande.

## 065/2016 Modell for bil- og båtambulansetilbodet i område sør

### Oppsummering:

#### OPEN DEL:

Saka gjeld avklaring av modell for båt- og bilambulansetilbodet i den sørvestre delen av Sogn og Fjordane. Bakgrunnen for denne avgrensinga er at kontraktane med reiarane går ut innan eitt år. Dei nærliggande bilambulansestasjonane er vurdert i same sak, fordi tenestene inngår i ei akuttmedisinsk kjede og dermed må sjåast som ein heilskap. Saka inneheld opplysningar

som av konkurranseomsyn er unnateke offentlegheit. Dette er synleggjort ved nokre avsnitt merka «*offentleg*» eller «*unntatt offentleg*».

*Fire nye innkomne brev/ merknader til saka var utdelt til styret.*

*Styreleiar Landstad innleia om saka, som først hadde ein offentleg del, så lukka del om båtambulansen (jf Off.lova §23.1). Deretter ønskjer ein open behandling av oppsummering og avstemming.*

*Direktør Midtbø orienterte om saka:*

- *Kontraktar båt område sør må ut på anbod*
- *Nasjonale avklaringar føreligg, eks. akuttmedisinforskrifta, NOU 2015:15*
- *Naturleg å sjå bilambulansen i området saman med båt*
- *Nyttig analysearbeid har tatt tid, men gitt viktig kunnskap og innsikt*
- *Det er gjennomført fire dialogmøter*
- *Dekningskart luftambulanse blei vist*
- *Ny samla ambulansestasjon vil innehalde: 2 døgnbilar, tilstadesvakt, kortare aktiveringstid, etablere funksjonelle stasjonstilhøve*

LUKKA DEL:

*Uoff. , jf.Off.lova §23.1*

Direktør Midtbø orienterte om kostnadsoverslag ved forslag 2a og 2b i båtambulansetilbodet, og dialog om øvrig finansiering av samfunnsbåtalternativet.

OPEN DEL:

Det var ei kort drøfting av tilhøvet til resten av dei prehospitala tenestene i fylket, og behov for ein strukturert gjennomgang. Styret drøfta seg fram til eit nytt vedtakspunkt 3.

### **Framlegg til vedtak:**

- 1: Bilambulansetenesta for kommunane Askvoll og Fjaler vert stasjonert i Dale.
- 2a: Båtambulansetilbod for område sør vert lyst ut på anbod med ein båt i Solund, supplert med kjøp av taxibåttenester i Askvoll, i tråd med føringar i saksførelegget.  
Alternativt:
- 2b: Båtambulansetilbod for område sør vert lyst ut på anbod med ein båt i Solund, supplert med samfunnsbåt (brukt som ambulansebåt) i Askvoll, i tråd med føringar i saksførelegget.

### **Endringsframlegg:**

Punkt 1 som før.

Justert punkt 2:

*Båtambulansetilbod for område sør vert lyst ut på anbod med ein båt i Solund, supplert med kjøp av taxibåttenester eller anna eigna transportkapasitet for Atløy, i tråd med føringar i saksførelegget.*

Nytt punkt 3:

*Styret ber adm. direktør legge fram ei sak med framlegg til prosess for heile det prehospitala området i Helse Førde, tilpassa den økonomiske ramma.*

### **Votering:**

Adm. direktør sitt punkt 1, med styret sitt justerte punkt 2 og nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

1. Bilambulansetjenesta for kommunane Askvoll og Fjaler vert stasjonert i Dale.
2. Båtambulansetilbod for område sør vert lyst ut på anbod med ein båt i Solund, supplert med kjøp av taxibåttenester eller anna eigna transportkapasitet for Atløy, i tråd med føringar i saksførelegget.
3. Styret ber adm. direktør legge fram ei sak med framlegg til prosess for heile det prehospitale området i Helse Førde, tilpassa den økonomiske ramma.

### Saker til orientering:

## **066/2016      Etske retningslinjer – implementering i Helse Førde**

### **Oppsummering:**

Styret i Helse Førde HF godkjende i styremøte 25.05.2012 at dei vedtekne etske retningslinjene for føretaksgruppa Helse Vest, gjeldande frå 07.05.2012, også skulle implementerast i Helse Førde.

Status for implementering i Helse Førde viser at:

- dei nye etske retningslinjene inngår i personalhandboka
- det har vore gjennomgang og opplæring i fullmaktssystemet om økonomisk mynde
- vi har register som gjeld bistillingar og erverv
- vi har system for forskingsstøtte på plass
- pasientverneombod
- «Lytteposten» enkelt system for mottak av klager og andre tilbakemeldingar frå våre brukarar, på plass
- obligatoriske opplæringspakker innafor mange områder – m.a informasjonstryggleik
- ISO 14001 sertifisering i 2014. Grønt sjukehus har etikk som ein av føresetnadane
- rullerande nyheitssak på intranett for å setje kontinuerleg fokus på temaet
- gjennom innkjøpsrutinane er etske retningslinjer eit av krava som vert stilt til leverandørane

*Styret kommenterte viktigeita av at køyrereglane som dei etske retningslinjene representerer er godt kjente i organisasjonen.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek saka til vitande.

## **067/2016      Rapportering om prosjekt i Helse Førde**

Saka utsett til neste styremøte.

## **068/2016      Statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde**

Saka utsett til neste styremøte.

## **069/2016      Eventuelt**

Ingen saker.

### **Skriv og meldingar**

#### **Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vedr. «Valrett til styra i bustadstiftingane til sjukehus i Sogn og Fjordane – melding om vedtak», datert 21.10.2016

#### **Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:**

- Innspel frå Anita Søreide til ambulansesaka
- Dokument frå FFO til ambulansesaka
- Innspel frå Liv Torill Sandøy til ambulansesaka
- Innspel frå Roar Landøy til ambulansesaka

#### **LUKKA DEL:**

*Uoff. , jf. Helseføretakslova §26a, 2. ledd, nr. 2*

## **070/2016      Arbeidsgjevartilhøve**

Fung. styreleiar Landstad orienterte om arbeidsgjevartilhøve.



Ref. Berit Irene Haarklau

---

Jorunn Ringstad  
Styreleiar  
(sett)

---

Agnes Landstad  
Fung. styreleiar

---

Helge E. Bryne

---

Harry Mowatt

---

Liv Stave

---

Atle Hamar

---

Wenche Kristin Røkenes

---

Randi Aven

---

Geir Berge Øverland

---

Berit Hornnes